



SAKSUTSKRIFT

Arkivsak-dok. 21/04259-1
Sakshandsamar Anne Arneberg

HØYRINGSSVAR, RESTAURERINGSPLAN FOR VESTNORSK FJORDLANDSKAP - DELOMRÅDE NÆRØYFJORDEN

| Saksgang | Møtedato | Saknr |
|------------------------------|------------|-------|
| 1 Utval for kultur og næring | 06.10.2021 | 35/21 |

Møtebehandling

Votering

Samrøystes vedteke.

Vedtak

Voss herad ved Utval for kultur og næring sender fylgjande høyringsvar til restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden, 2021–2026:

Voss herad støttar Vestland fylkeskommune sitt framlegg til restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden, 2021–2026.

Me vil særleg trekka fram Stalheimskleiva som er eit sær s v i k t i g kulturminne i Voss, og er glade for at dette har fått ein sentral plass i planen.

Møtebehandling

Votering

Samrøystes vedteke.

Vedtak

Voss herad ved Utval for kultur og næring sender fylgjande høyringsvar til restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden, 2021–2026:

Voss herad støttar Vestland fylkeskommune sitt framlegg til restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden, 2021–2026.

Me vil særleg trekka fram Stalheimskleiva som er eit sær s v i k t i g kulturminne i Voss, og er glade for at dette har fått ein sentral plass i planen.

Saksframlegg

Voss herad ved Utval for kultur og næring sender fylgjande høyringsvar til restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden, 2021–2026:

Voss herad støttar Vestland fylkeskommune sitt framlegg til restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden, 2021–2026.

Me vil særleg trekka fram Stalheimskleiva som er eit særst viktig kulturminne i Voss, og er glade for at dette har fått ein sentral plass i planen.

Vedlegg:

Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden - høyring

Oversikt over istandsette bygningar i verdsarvområdet

~ 21_00068-83 Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden
390772_1_1

~ 21_00068-83 Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden - 2014
390771_2_1

Samandrag:

I 2014 vart Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden utarbeidd, og hovudutval for kultur i Sogn og Fjordane fylkeskommune gjorde vedtak om at planen skulle vera retningsgjevande for fylkeskommunen sitt arbeid med verneverdige bygningar i verdsarvområdet. Dette er ei rullering av planen, men den omfattar no alle typar kulturminne i området og freistar å sjå på kulturminna i verdsarvområde i eit heilskapleg perspektiv.

Planen skal vera retningsgivande for Vestland fylkeskommune sitt arbeid med kulturminna i Nærøyfjorden verdsarvområde.

Saksopplysningar:

Verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap med delområde Geirangerfjorden og Nærøyfjorden vart innskrive på UNESCO Verdsarvliste 14. juli 2005. Det er Fylkesmannen i Vestland som er forvaltningsstyresmakt for området, men det er Vestland fylkeskommune har forvaltningsansvaret for kulturmiljøvernet. Bakrunnen for utarbeiding av planen ligg nedfelt i "Forvaltningsplan for vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden" og satsingsområde "Parkplan til Nærøyfjorden verdsarvpark". Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden er ei rullering av planen som blei vedteke i 2014, og er eit arbeidsdokument for å setje i stand kulturminne i verdsarvområdet på best mogleg måte og omhandlar berre kulturminne i verdsarvområdet som har behov for ei eller anna form for istandsetjing.

Verdsarverdiane i Nærøyfjordområdet er kort samanfatta fjordlandskap med aktive geologiske prosessar, vakkert naturlandskap frå fjord til fjell med brear, skog, fossar og frittrennande elvar, og kulturlandskap som gir naturlandskapet perspektiv. Restaureringsplanen omfattar tre områder i Voss herad: Husmannsplassen Nåli, kulturminna i Stalheimskleiva og Øvsthus/Fyrestølen.

Forslag til prioriterte tiltak i Nåli:

- Nåli bør takast vare på i samsvar med tiltaka i *Skjøtselsplan for husmannsplassen Nåli i Nærøyfjorden landskapsvernområde*.
- Vedlikehald av ferdsleveggen mellom Stalheim og Jordalen.
- Ved husmannsplassen Nåli bør ein prioritere rydding av vegetasjon.

Forslag til prioriterte tiltak i Stalheimskleiva:

- Skjøtsel av kulturlandskapet for å hindre attgroing,
- Istandsetjing av krigsminne der dei er øydelagt.
- Skjøtsel av vegetasjon rundt grunnmuren til den gamle kafeen.
- Rydda og vedlikehalde parti av dei gamle stitraseane i Stalheimskleiva.

Forslag til prioriterte tiltak i Øvsthus og Fyresstølen:

- Rydde skog i og rundt tuftene etter husa.
- Restaurering av steinbua på Fyrestølen.

Restaureringsplanen er utarbeida i dialog med representantar frå dei aktuelle kommunane og verdsarvforvaltninga. Voss herad har vore representert på synfaringar og digitale møte. Planen har difor teke høgd for innspel frå Voss undervegs.

Rådmannen si vurdering:Generelle vurderingar:

Planen peiker på dei viktigaste kulturminna i Voss herad innafor Nærøyfjorden verdsarvområdet. Den er ein konkret og praktisk rettleiar for forvaltning av desse verdiane og er slik eit godt verktøy for det lokale kulturmiljøarbeidet.

Økonomiske konsekvensar:

Voss herad har ingen økonomiske forpliktingar knytt til tiltaka i verneområdet, men planen vil vere retningsgivande for vurderingar knytt til tildeling av lokale økonomiske tilskot til kulturminne, og til prioriteringar i høve fylkeskommunale tilskot.

Miljø og klimakonsekvensar:

Verdsarvområda og kulturminnevernet kan på generelt grunnla vere viktige bidragsytarar inn i arbeidet med klimamåla.

Folkehelsekonsekvensar:

Tilrettelegging for gode kultur og natur opplevingar av landskap og kulturminne er viktige bidrag for god folkehelse.

Konklusjon

Voss herad støttar Vestland fylkeskommune sitt framlegg til restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden, 2021–2026.

Me vil særleg trekka fram Stalheimskleiva som er eit særskilt viktig kulturminne i Voss, og er glade for at dette har fått ein sentral plass i planen.